

Opnar Sørstrand for f

FLORØ: Dei har alt gjort dognad for 100 000 kroner på Sørstrand, Magne Hovland, Øivind Gjengseth og nokre andre kompisar. No håpar Hovland at ei opprusting av det overgrodde friluftsområdet kan bli gáva til byen i høve 150 årsjubileet neste år.

OLAV HATLEMARCK
olav.hatlemarck@firdaaposten.no

– Sørstrand kan bli Flora sitt finaste friområde, men er enno ei uoppdaga perle for mange, seier Hovland, som trådte barneskoa sine her og kjenner alle gamle far og stiar.

Mykje arbeid

Dei har rydda skog og kratt, opna gamle stiar og utsynsplassar. Men framleis er der uhorvelig mykje som må hoggast, ryddast og gjerast før det avsette friluftsområdet Sørstrand ved flyplassen i Florø blir skikkeleg folkepark.

Han meiner det er langt viktigare å få til ein bade plass i dette området enn å ruste opp stranda på Leira i Brandsoy. Sørstrand er bynært og tilgjengeleg for seks-sju tusen menneske anten til fots eller på sykkel, utan behov for biltransport.

Eit opprusta nett av stiar vil opne terrenget for endå mange fleire, særleg for familiar med

«Sørstrand kan bli finaste friområdet i Flora, men er enno ei uoppdaga perle»

Magne Hovland

barnevogner, eldre og funksjonshemma. Sørstrand er siste bynære, store området ved sjøen som ikkje er bygt ut. Like ved flyplassen som det ligg, er det heller ikkje stort anna det kan brukast til. Og det er stort, overraskande vidt når kjentmann Hovland losar oss gjennom terrenget.

Mange fleire har oppdaga området etter at Avinor la ein nye beredskapsveg gjennom terrenget. Vi møtte fleire ute på søndagstur på grusvegen i det fine vèret sist helg, men likevel langt frå nokon kø.

Pengar til arbeid

Bystyret har sett av 200 000 kroner til planlegging. Dette er pengar Hovland og Jan Henrik Nygård, Venstre-kompis i bystyret, meiner vil komme langt betre med om dei blir brukte direkte til praktisk arbeid enn til endå fleire utgreingar. For Norplan har for lengst laga ein god hovudplan for området.

– Du vil komme langt med pengane til sand til badestranda og litt utstyr til å få rydda stiane i området, meiner dei.

Store tre

Mange kveldar og dagar har Hovland følgd opp planen i praksis. Øks og motorsag er blitt brukte i samråd med både Flora



BETRE: Magne Hovland og Venstre-politikar Jan Henrik Nygård meiner det vil tene langt fleire å gjere ferdig bade plassen på Sørstrand enn å gjere initiativ til.

kommune og Avinor. Hovland synest det har vore litt trist å måtte ta ned nokre av dei store trea i området på grunn av sikt og tryggleiksonene til flyplassen.

– Eg ber om forståing for at vi har måtta gjere dette, orsakar han.

Andre store tre får stå og er blitt langt meir synlege. Dei står fram som forlokkande klatretre for ungane no når Hovland og

kameratane har rydda vekk buskkrattet kring. Her og der har dei og sett opp trebenker. Nøye hogne til i furu.

– Fordi vi no gjer eit arbeid Avinor elles måte ha leigd folk

TIDEN ER INNE OPPUSNING ER BILLIGERE ENN DU TROR



www.fargerike.no

Tilbudene gjelder i tidsrommet t.o.m 21.02.2009

LADY 10
3L EMBALLASJE

179,-

Perfekt sluttresultat
Tørker raskt
Dekkgaranti



7L
INTERIØRMALING
TIL PRISEN AV 5

198,-

Egghvitt. Nok til et normalt stort rom.

FARGERIKE Florø

Florø Interiør
Hjellegaten 6
Tlf.: 57 74 03 66

FARGERIKE Kleiven

Hamregata 6
Florø
Tlf.: 57 74 13 72

FARGERIKE Førde

Førde Fargehandel
Tlf.: 57 82 99 50

FARGERIKE
Lytt til erfaringer fra folk

olket



strand enn først å oppruste Leira i Brandsøy slik



UTSYN: Fleire kvileplassar er komne opp. Herifrå er det bra utsyn over leia som vil bli endå betre når dei får rydda meir på Sørstrand.



SØNDAGSTUR: Mary Sørstrand og Ragnhild Rishovd på søndagstur på den nye beredskapsvegen for flyplassen som no er laga på Sørstrand. Det har fått langt fleire til å gå tur i området.

til, har dei lova oss å koste berer, fortel Hovland.

Mange stader har dei oppna såpass opp i landskapet at vi anar kor fantastisk dette kan bli med utikispunkt, nye planar for

ballspel over gamle tilgrodde boar. Her og der ser vi tomter frå tidlegare bufaste. Her låg det i tidlegare tider fleire gardsbruk med sine slette marker.

Etter kvart som dei ryddar

kjem spora etter tyske installasjonar fram. Her ligg gjengrodde kanonstillingar på rad og rekke, bunkersar og andre betonganlegg under gras, busker og torv.

Først bad og P-plass

Det viktige no er å få opparbeidd ein parkeringsplass, få fylt sand på badeplassen og rydda i beltet kring badeplassen, meiner Magne Hovland.

Deretter å få rydda endå meir kratt for få fram dei gamle stiane som kan betre tilkomsten.

Badestranda ligg sørvendt til like ved dei store svaberga. Her er såpass grunt mellom øyane utanfor at sanden vil halde seg.

Den steinete stranda er i desse dagar dekt av eit tynt lag av is.

– Du hadde sett endå betre kor bra dette kan bli om vi hadde hatt fjære no. Får vi rydda bak og sådd til med grøn plen kan dette bli finaste badestranda i Flora for ein brøkdal av kostna-



KART: Sørstrand ligg mellom flyplassen og Kystmuseet.

dene til tilsvarande anlegg i Eikefjord, seier Hovland.

Om sommaren er det ofte

nordavind når det er fint ver. Då vil stranda liggje litt skjerma til.

Vil ha gangsti frå Kystmuseet

Venstreleiar Jan Henrik Nygård vil gjerne vere med og smørje god kontakt mellom den frivillige innsatsen og kommunen sin plan om snart å legge eit nytt kloakk- og avløpsanlegg til Østvik.

– Her bør vi utnytte situasjonen og få lagt både veg og eit sanitærhus til området i same

slengen. Det hadde vore svært kjekt om vi kunne ha tenkt endå litt større og fått til ein samanhengande gangsti frå Kystmuseet til Østvik-området og så vidare til friluftsområdet her på Sørstrand, seier politikaren som gjerne tek dette til inntekt som ei god venstresak.

Poenget no er å utnytte situa-

sjonen med VA-anlegget som skal lagast for dei som bur på Østvik. Sjølv om avstanden til badeplassen blir stor, vil eit sanitærhus med P-plass her liggje sentralt til for heile det framtidige parkområdet. Å legge royranlegg heilt fram til badeplassen vil derimot koste altfor mykje, meiner Nygård.

ICA MAXI



17⁹⁰

SALTEDE SVINEKNOKER
Av bog, pr. kg

79⁹⁰

YTREFILET AV SVIN
Pr. kg



149,-

BIFF AV ENTRECOTE
Pr. kg



39⁹⁰

NYGRILLEDE GRILLBEIN
Pr. kg



39⁹⁰

KJØTTKAKER
Gilde, 800 g, pr. stk



Førde 9:00-21:00 (9:00-20:00)

Firdaveien 20, Tlf: 57 82 92 60.

Tilbudene gjelder t.o.m. 14/2 uke 7, så langt beholdningen rekker. Kan til private husholdninger. Forbehold om trykktfeil. ICA Maxi tar vederlagsfritt imot kasserte EE-produkter tilsvarende det som selges i butikken, kontakt betjeningen.